



# NORDDAL KOMMUNE



# ÅRSMELDING 2019

---

## Innhold

1.	Rådmannen sine kommentarar .....	4
1.1	Innleiing.....	4
1.2	Hovudutfordringar og moglegheiter framover .....	5
2.	Befolkning, økonomiske hovudtrekk og nøkkeltal .....	6
2.1	Måloppnåing.....	6
2.2	Folketal.....	6
2.3	Økonomiske nøkkeltal og analysar .....	7
2.4	Driftsrekneskapen 2019 – hovudtal .....	8
2.5	Investeringar 2019 .....	9
2.6	Balanserekneskapen 65790.....	10
3.	Sentraladministrasjonen .....	10
3.1.	Økonomiske resultat rådmann .....	10
4.1	Mål .....	11
4.2	Årsverk .....	12
4.3	Administrative/faglege resultat .....	12
4.4.	Økonomiske resultat fellestenestene .....	15
4.5	Nokre av utfordringane i tida som kjem.....	15
5.	Skule, barnehage, kultur og barnevern .....	17
5.1	Mål .....	17
5.2	Skildring av tenestene .....	18
5.3	Årsverk .....	20
	* Auka årsverk grunna større barnegruppe .....	21
5.4	Økonomiske resultat.....	21
5.5	Utfordringar i tida som kjem.....	21
6.	Helse og omsorg.....	22
6.1	Mål .....	22
6.2	Årsomtale .....	22
6.3	Årsverk .....	23
6.4	Økonomiske resultat.....	24
6.5	Utfordringar i tida som kjem.....	24
7.	Teknisk, næring og miljø (TMN).....	25
7.1	Mål for eit samla TNM.....	25
7.2	Årsomtale 2019 .....	25
	<b>Utfordringar i tida som kjem .....</b>	<b>26</b>
	<b>Årsverk .....</b>	<b>27</b>
	<b>Økonomiske resultat .....</b>	<b>28</b>
	Plan for fasade nord på Olavsgata 8 etter eventuell ombygging.....	30

- Gjennom året har det og vore arbeidd med førebuingar for samanslåing med Stordal kommune..... 30
- Utfordringar i dei næraste åra for eit samla TNM ..... 30**

8. Kommunestyret - saker i 2019 ..... 30



*Figur 1 Sylteboen barnehage vart saman med rådhuset miljøfyrtårnsertifisert i april*

## 1. Rådmannen sine kommentarar

### 1.1 Innleiing

2019 har vore eit spesielt år for Norddal kommune. Aktiviteten har vore ekstremt stor og krevjande, sidan vi har hatt stort fokus på kommunereformarbeidet.

Dei tilsette på alle plan i organisasjonen har lagt ned ein arbeidsinnsats langt utover det vi kan forvente for å bygge ein ny organisasjon, samstundes som den eksisterande kommunen har blitt drifta. Positive, motiverte og engasjerte tilsette har medverka til at vi har lukkast med denne ekstraordinære utfordringa. Administrasjonen ser fram til å kunne konsentrere seg om å drifte den nye Fjord kommune.

#### **Kommuneøkonomi**

Sjølv om driftseiningane viser god budsjett disiplin, er driftsutgiftene for høge i høve til budsjett. Det økonomiske omstillingsbehovet er stort, og dette må få spesielt fokus i tida som kjem. Inntekter og utgifter må balanserast og gjeldsnivået må reduserast.

Omstillingsbehovet er av ein storleik som krev harde prioriteringar. Dette gjer det mellom anna naudsynt å sjå på strukturelle endringar.

#### **Arbeidsmiljø**

Fokus på å utvikle eit godt og trygt arbeidsmiljø for alle tilsette har gitt resultat. Vi har klart å etablere betre rutinar enn tidlegare, og har hatt fokus på å følgje opp HMS-arbeidet og implementere *Personalhandbok for internkontroll* i kommunen. Rådmannen er svært tilfreds med at vi har lukkast med å etablere eit godt samspel med dei tilsette, og tilbakemeldingane frå dei tilsette er gode.

Det er også gledeleg å registrere at sjukefråværet har hatt ein tydeleg nedgang siste året.

#### **Likestilling og diskriminering**

Norddal kommune skal ha eit mangfald der kjønn, etnisk opphav, religion/livssyn, seksuell orientering, alder og funksjonsnivå vert verdsett. Alle brukarane og innbyggjarar skal møtast med respekt og likeverd. Det same gjeld der kommunen møter leverandørar, kundar, konkurrentar og andre aktørar.

Norddal kommune har flest kvinnelege arbeidstakarar, med ein kvinneandel på 72 %. Det er færrest mannlege tilsette innan skule, barnehage og helse og omsorg, og flest innan teknisk sektor og i stab. Vi ønskjer ei utjamning, men dette skal ikkje gå utover best kvalifisert - prinsippet hos søkjarane eller tilsette som allereie jobbar i kommunen.



*Godt frammøte på rovviltkonferanse i januar*

## **1.2 Hovudutfordringar og moglegheiter framover**

I tillegg til økonomiske omstillingsbehov, er nedgang i folketalet og tilgang på arbeidsplassar i kommunen dei største utfordringane framover. Fødselstala er svært låge og ein får ei stadige

*Figur 2 Godt frammøte på rovviltkonferanse i januar*

eldre befolkning i kommunen. Dimensjonering av tenestene og tenestestruktur må tilpassast desse utfordringane. Med denne utviklinga må større del av utgiftene dreiest over frå oppvekstsektoren til pleie- og omsorgstenester.

Nedgang i folketal og tilgang på kompetanse, gjer at Fjord kommune må ha spesielt fokus på nærings- og samfunnsutvikling, samling av fagmiljø og vere offensive for å rekruttere og behalde kompetanse.

Andelen tilsette i Norddal kommune over 60 år er svært høg, noko som betyr at ein må erstatte om lag halvparten av alle tilsette i løpet av dei komande 7-8 åra. Dette vil verte ei svært utfordrande oppgåve.

Det må likevel nemnast at ein har klart å rekruttere kompetansen ein treng innan dei aller fleste fagområde, og det ser ut til at Norddal kommune har vorte ein attraktiv arbeidsplass.

## 2. Befolkning, økonomiske hovudtrekk og nøkkeltal

### 2.1 Måloppnåing

Norddal kommune har over fleire år hatt for høgt driftsnivå. Utgiftene har vore høgare enn inntektene. For 2019 endar ein med eit lite mindreforbruk. Årsaka til det er i all hovudsak at ein har avlastning kostnadmessig mot reformmidlane for etablering av Fjord kommune. Utan den kostnadsavlastninga ville Norddal kommune hatt eit betydeleg meirforbruk. Med utgangspunkt i den økonomiske drift av Norddal kommune er det behov for ei endring i driftsnivå når ein kjem inn i Fjord kommune.

### 2.2 Folketal

Folkemengde etter grunnkrets	2014	2015	2016	2017	2018	2019	Endring 2014-19	Endring prosent
15240101 Muri	340	325	326	338	341	334	-6	-1,76 %
15240102 Sylte	154	147	146	153	162	156	2	+1,29%
15240103 Uri	140	143	149	147	142	137	-3	-2,14%
15240104 Gjerde	212	238	235	223	223	226	14	+6,60%
15240105 Alstad	75	72	66	64	67	72	-3	-3,94%
15240106 Fjørå	161	154	155	148	149	151	-10	-6,22%
15240107 Tafjord	101	99	94	100	95	90	-11	-10,89%
15240108 Dalsbygda	145	146	150	151	148	133	-12	-8,27%
15240109 Eide	103	102	98	101	97	97	-6	-5,82%
15240110 Rønneberg	86	86	87	90	89	94	8	+9,3%
15240111 Ytterdal	166	161	142	146	148	151	-15	-9,03%
15249999 Uoppgitt grunnkrets	2	3	4	2	9	4	2	0%
	<b>1685</b>	<b>1676</b>	<b>1652</b>	<b>1663</b>	<b>1670</b>	<b>1645</b>	<b>-40</b>	<b>-2,37%</b>



## 2.3 Økonomiske nøkkeltal og analysar

### Frie inntekter

Rammetilskot er for Norddal kommune sin del samansett av innbyggjartilskot, distriktstilskot og skjønnsstilskot. I tillegg kjem inntektsutjamning.

Det var nedgang i skatteinntektene i 2019 i samanlikna med 2018. Eigedomsskatten går litt opp til 14 662 000. Den er framleis bak åra 2014-2016. Ein forventar at eigedomsskateinntektene vil auke gradvis frå 2020 og vidare utover.

beløp i 1000 kroner	2014	2015	2016	2017	2018	2019
Rammetilskot	69 926	69 311	70 175	69 111	74 416	78 510
Skatt på formue og inntekt og naturressursskatt	43 261	43 658	45 958	50 740	48 307	46 265
Eigedomsskatt	21 868	21 012	20 116	15 710	13 754	14 662
Konsesjonskraft	7 975	7 149	3 686	4 623	6 916	9 123
Andre generelle statstilskot				20 500	0	173
<b>Sum frie inntekter</b>	<b>143 030</b>	<b>141 130</b>	<b>139 934</b>	<b>160 684</b>	<b>143 393</b>	<b>148 733</b>

### Kraftinntekter

Norddal kommune har inntekter som er knytt til kraftproduksjon. Desse inntektene er redusert dei siste åra. Frå 2020 forventar ein auke i desse inntektene, og då spesielt for eigedomsskatten. Konsesjonsavgifta skal nyttast til næringsutvikling i kommunen, og kan ikkje brukast til andre driftsoppgåver. Konsesjonsavgiftene vert tilført Næringsfondet, og brukt i her i tråd med vedtak i strategisk næringsplan.

Beløp i 1000 kroner	2014	2015	2016	2017	2018	2019
Konsesjonsavgifter	3 055	3 031	3 031	3 030	3 045	3 030
Naturressursskatt	10 199	9 757	9 329	9 268	9 656	9 687
Eigedomsskatt på kraftproduksjon og nett	21 573	20 720	19 584	13 921	13 361	14 711
Konsesjonskraft	7 975	7 149	3 686	4 623	6 916	9 123
Aksjeutbytte Tafjord	3 741	3 806	1 738	1 240	1 571	2 642
<b>Sum frie inntekter</b>	<b>45 833</b>	<b>46 608</b>	<b>42 395</b>	<b>37 140</b>	<b>32 413</b>	<b>39 193</b>

## Finans

Rentenivået er framleis lågt. Ein ser ein viss auke i renter i 2019. Ei ytterlegare styrking av renta var venta heilt til Koronapandemien kom til landet. For 2020 vert dermed rentenivået historisk lavt. Norddal kommune har i 2019 vidareført dei rentesikringar som var gjort i 2018. Iløpet av 2020 vil graden av rentesikring for Norddal kommune si portefølje verte redusert. Samtidig vil låneportefølje verte samkøyrte med Stordal kommune si låneportefølje.

Betaling av avdrag ligg i 2019 litt over berekna minimumsavdrag.

Ansvarleg lån til Tafjord Kraftproduksjon på 14 millionar har rentevilkår Nibor 6 mnd plus 2 prosent. Avkastning på aktiv forvaltning i 2019 var kr. 1 300 000. Akseutbytte i Tafjord var unormalt høgt grunna eksstraordinære inntekter i Tafjord kraft AS. I 2020 vil dette vere på nivå avtalt mellom selskapet og askjonærene.

Finansinntekter i 1000 kr	2014	2015	2016	2017	2018	2019
Renteinntekter bank	357	310	304	539	390	598
Rente- og avdragskompensasjon frå Husbanken			676	573	549	551
Renteinntekter Tafjord Kraft AS	545	487	455	451	439	515
Akseutbytte	3 806	1 738	1 271	1 603	1 855	2 684
Utbytte/gevinst Elverksfondet	1 138	1 238	1 143	1 764	0	1 300
<b>Finansinntekter</b>	<b>5 846</b>	<b>3 773</b>	<b>3 849</b>	<b>4 930</b>	<b>3 233</b>	<b>5 648</b>

Finansutgifter i 1000 kr	2014	2015	2016	2017	2018	2019
Renteutgifter	3 167	2 606	5 330	4 536	4 366	4 995
Tap på finansielle instrumenter		1 640				
Avdragsutgifter	6 303	6 557	11 624	11 195	11 932	11 679
<b>Renter og avdrag</b>	<b>9 470</b>	<b>10 803</b>	<b>16 954</b>	<b>15 731</b>	<b>16 298</b>	<b>16 674</b>

## 2.4 Driftsrekneskapen 2019 - hovudtal

Frå skjemaet økonomisk oversikt - drift har vi dette samandraget:

beløp i 1000 kr	2014	2015	2016	2017	2018	2019
Driftsinntekter	-188 687	-191 096	-194 619	-216 541	-208 017	-209 873
Driftsutgifter	194 414	192 325	192 882	201 093	215 022	227 061
<b>Brutto driftsresultat</b>	<b>5 727</b>	<b>1 228</b>	<b>-1 737</b>	<b>15 448</b>	<b>-7 006</b>	<b>-17 188</b>
Eksterne finanstransaksjonar	3 670	7 181	13 796	11 551	13 402	11 362
Motpost avskrivning	-5 421	-5 383	-13 206	-15 327	-15 596	-16 218
<b>Netto driftsresultat</b>	<b>3 976</b>	<b>-3 026</b>	<b>1 148</b>	<b>19 224</b>	<b>-4 812</b>	<b>-12 332</b>
Bruk/avsett til fond	-3 976	3 778	-112	20 752	1 566	12 642
Overført til investering	0	0	0	0	0	0
<b>Meir/mindreforbruk</b>	<b>0</b>	<b>752</b>	<b>1 035</b>	<b>-1 528</b>	<b>-3 246</b>	<b>310</b>



I 2019 var driftsutgiftene 227 millionar. Rekneskapen inneheld også kostnader for Fjord kommune. Dette er utligna ved fondsbruk av reformmidlane for å etablere Fjord kommune. Vidare har ein i 2019 ein liten auke i inntektene på kr. 1 856 000. Dette er ikkje nok til å dekke kostnadsveksten for m.a. lønn. I og med at ein stor del av administrasjonen har hatt mange oppgåver ved etablering av Fjord kommune kjem ein for 2019 ut med eit lite mindreforbruk stort kr. 310 000. Om ein ikkje hadde hatt kostnadsavlastning mot reformmidlane ved etablering av Fjord kommune ville drifta av Norddal kommune hatt eit vesentleg meirforbruk. Dette gjer at det må setjast i verk tiltak framover for å skape balanse i drifta.

## 2.5 Investeringar 2019

<b>Investeringar 2019</b>	<b>Rekneskap 2019</b>
Digitalisering - med tilskot	4 372 337
Digitaliseringsstrategi – oppfølging - oppgradering	761 063
IKT investeringar	108 482
Digitalisering	370 082
Avslutte arkiv	427 089
Brannvarsling begge kyrkjene	131 354
Inventar og utstyr legekantoret	65 790
Nye sengar og løfteheiser VTS	111 864
Valldal sjukeheim, modernisering av utstyr kjøkken	98 799
Hjellevegen	160 245
Avslutte grunnerverv tidlegare prosjekt	48 779
Investering rekkverk	237 947
Vassverk utbygging	199 159
Tettstadutvikling	1 251 655
Brann slepepumpe	145 050
Nye Pleie og omsorgsbustader	468 427
Kraftverkbygget totalrenovering	486 756
Forprosjekt Eidsdal skule	266 925
Oppgradering administrasjonslokaler reformmidlar	131 280
Tafjordbadet	369 784
<b>TOTALT</b>	<b>10 212 866</b>

## 2.6 Balanserekneskapen 65790

beløp i 1000 kr	Rekneskap 2019	Rekneskap 2018
Anleggsmidler	728 254	719 436
Omløpsmidlar	53 256	77 722
<b>Sum egedelar</b>	<b>781 509</b>	<b>797 157</b>
<b>Eigenkapital og gjeld</b>		
Eigenkapital	-171 194	-187 674
Langsiktig gjeld	-579 520	-579 123
Kortsiktig gjeld	-30 795	-30 360
<b>Sum eigenkapital og gjeld</b>	<b>-781 509</b>	<b>-797 157</b>
<b>Memoriakonto:</b>		
Ubrukte lånemidler	1 691	5 391

Langsiktig gjeld består av pantegjeld og pensjonsforpliktingar.

Lånegjelda er på kr. 262 827 070,-.

## 3. Sentraladministrasjonen

### 3.1. Økonomiske resultat rådmann

Rådmann	Rekneskap 31.12.2019	Periode- budsjett 31.12.2019	Avvik	Avvik i %
Politisk styring	1 384 880	1 607 088	-222 208	- 13,82
Revisjon	648 693	753 262	-104 569	-13,88
Rådmannsleiing	1 526 525	1 290 919	235 606	18,25
Reservert lønsoppgjer	1 521 005	1 650 000	- 128 995	-7,82
Pensjonspremieavvik	-2 767 200	-5 371 000	2 603 800	48,48
Kyrkja	1 680 000	1 680 000	0	0
Andre livssyn	78 382	60 000	18 382	30,63
<b>Sum</b>	<b>4 072 285</b>	<b>1 670 269</b>	<b>2 402 016</b>	<b>143,80</b>

Som oversikta over viser er det eit betydeleg meirforbruk i 2019. I all hovudsak er dette relatert til pensjonspremieavvik.

#### 4. Fellestenestene (FT)

##### 4.1 Mål

Oppgåvene i fellestenestene er samansett og omhandlar både eksterne og interne fagtenester. Heilskapstenking står i fokus; vi skal yte god service til innbyggjarane samtidig som vi skal samordne og formidle oppgåver og rutinar internt. Fellestenestene utgjer på mange måtar eit bindeledd for heile organisasjonen. Arbeidet med digitalisering av tenester og oppgåveløysing krev at den enkelte blir ansvarleggjort og at godt strukturerte rutinar er etablert.

Hovudfokus i 2019 har vore knytt til eit omfattande arbeid med planlegging, samordning og tilrettelegging for ein ny organisasjon frå 01.01.2020. Dei tilsette har vore involvert i fleire prosjekt, og det har vore mange ulike relasjonar å forhalde seg til.

Fellestenestene er definert som ei eiga avdeling, der leiar, som er direkte underlagt administrasjonssjefen, har fullt økonomi- og personalansvar.

Arbeidsfeltet for fellestenestene i 2019 har vore samansett og omfatta mellom anna:

- Politisk sekretariat
- Kommunevalet 2019
- Systemansvar for sakssystemet
- Etablering/innføring av ny programvare i organisasjonen
- Sentralt postmottak/dokumentsenter
- Systematisering og avlevering av eldre arkivmateriale
- Saksbehandling for ulike fagområde
- Informasjon
- Utviklingsoppgåver
- Planlegging av nytt telefoni-system
- Publikumskontakt
- Ekstern og intern service- og støttefunksjon m.m.
- Beredskapssekretariat

## 4.2 Årsverk

Årsverksplan	Jan/april				
faste stillingar	2016	31.12.2016	31.12.2017	31.12.2018	31.12.2019
Fellestenester	8,7	8,7	7,3*	4,9**	4,9**
Informasjon og beredskap	0,6*	0,4	0,4	0,4	0,4
Flyktningteneste	1,0	1,0	0,3	0,25	0,25
Sum Fellestenester	<b>10,3</b>	<b>10,1</b>	<b>8,0</b>	<b>5,55*</b>	<b>5,55</b>

\*7,3 årsverk = stillingar i økonomiavdelinga og servicetorget, jf. tidlegare organisering. Personalfunksjon vart sett vakant frå april 2017 og er dermed ikkje med i sum årsverk pr. 31.12.17.

\*\*Utanom dei faste 4,3 stillingane, vart det lyst ut eit engasjement i 60 % stilling i perioden fom .april 2018 - tom. desember 2019. Dette kom i samband med eit omfattande prosjekt for ordning av eldre arkivmateriale. Etter omorganisering til to-trinnsmodell frå 01.01.2018, er årsverk knytt til økonomiavdelinga tekne ut av «fellestenestene», og er frå 2018 ei eiga avdeling.

På grunn av meirarbeid og omdefinering av roller og oppgåver, har delar av stillingsheimlane budsjettmessig blitt belasta Fjord kommune.

## 4.3 Administrative/faglege resultat

- **Politisk sekretariat** står for samordning, saksutsending, sekretærarbeidet i møte og utsending av vedtak, i tillegg til saksbehandling i enkeltsaker.
- Førebuing til kommunevalet 2019 starta tidleg på året, med fleire samlingar på nasjonalt nivå for dei val-ansvarlege.

- Kommunevalet var også ein milepæl sidan det var første valet med felles manntal for Fjord kommune og endra valkretsar.
- Det var eit omfattande arbeid knytt til både førebuing, førehandsstemming, gjennomføring av sjølve valdagen og oppfølginga i etterkant.
- Samtidig var det ei endring på grunn av opphøyr av fellesnemnda og ein periode med tre aktive kommunestyre. Dette føresette god kommunikasjon og god flyt mellom alle involverte.
- I tillegg har ein oppdatert programvaren i Acos Møte og samordning for å ta i bruk Møteportalen for dei nyvalde medlemmane.
- I påvente av at alt skulle fungere optimalt elektronisk måtte alle innkallingar handterast manuelt.

Kort oppsummert så har perioden med endringar vorte gjennomført på ein god måte når et gjeld omfattande oppgåver for det politiske sekretærarbeidet. Det har vist seg at ting tek tid og at det krev god samordning og rasjonell ressursbruk for å få dette til. Samtidig har det vore ei utfordring med samordning av dei ulike systema og å få desse plassert på ei felles plattform.

- **Dokumentsenteret** er ansvarleg for dagleg dokumenthandtering, elektronisk registrering og arkivering av dokumentasjon som skal takast vare på i framtida. Tydinga av rett registrering og fullført saksbehandling er alfa og omega i denne samanhengen. Det blir stilt strenge krav gjennom lovverk om korleis dokumentfangst skal foregå.

Innføring av websak FOKUS vart planlagt tidleg på året, med nøye gjennomgang av alt innhald som malar og utforming, rutinar, organisatorisk inndeling, koplingar til andre system/fagsystem og anna.

Systemleverandør v/prosjektleiari hadde sett opp dei ulike milepælane; og så langt kan ein tillate seg å seie at prosjektet kom vel i hamn. Tidsrammene vart haldne.

Det vart gjennomført workshopar i prosjektgruppa, lokalt leia av leiar for fellestenestene som systemansvarleg i tett samarbeid med IT.

Prosjektet var delt inn i fleire fasar sidan dei to kommunane hadde ulik ståstad og prosessane dermed ikkje kunne gå parallelt. (jf. Prosjektplan)

Norddal kommune tok i bruk det nye systemet i mars 2019, og fekk dermed eit fortrinn med å tilpasse seg eit nytt grensesnitt.

I 2018 vart same system (FOKUS) teke i bruk for fellesnemnda sine saker. Denne basen vart vidareført i Fjord kommune, og vi fekk dermed også fleire basar å forhalde oss til.

Norrdal sin sak-/arkivbase vart omgjort til historisk base i desember 2019, og samtidig klargjort som ein oppslagsbase. Dette krevde stor innsats frå alle saksbehandlarar og arkivpersonell; det måtte settast skarpt periodeskilje. Det vil seie at «gammal kommune» måtte avsluttast og ein ny kommune skulle framstå. Detaljane kring arbeidet tek vi ikkje med, men vi veit at dette er særleg historiske handlingar som vil få stor interesse i framtida både for historie og forskning.

### **Eldre arkivmateriale**

Ordning av eldre arkivmateriale har vore gjennomgåande i 2019.

Alt materiale som har vorte sendt er listeført og sortert etter arkivverket sitt oppsett, jf. Interkommunalt arkiv (IKA) i Møre og Romsdal, som har vore ein god samarbeidspartnar.

I juni 2019 vart omlag 314 arkivboksar frå «formannskapsarkivet» ordna, listeført, merka og avlevert til IKA sitt depot i Ålesund.

Eigedomsarkivet, (byggesak og landbruk) vart ordna frå alfabet til system basert på gards- og bruksnummer. Dette vart sendt til IKA Møre og Romsdal for skanning og digitalisering. Dette vil vere svært viktig for framtida, når det gjeld oppslag og å finne att naudsynt dokumentasjon. Arbeidet er pr. dato ikkje fullført frå IKA si side, og vi ventar nærare informasjon om framdrift i desse dagar.

Arkivet frå Norrdal Elverk (tidlegare Norrdal kommunale kraftverk) som Norrdal kommune fekk eigaransvar for, har også blitt sendt til IKA Møre og Romsdal. IKA stod sjølv for nedpakking av materialet og fullstendig ordning av arkivet blir gjort hos dei.

Takka vere god intern hjelp har alle sendingane blitt utført på ein god og trygg måte!

### **Saksbehandling generelt og for fagområda**

Det er utført mykje godt arbeid innan fleire fagområde:

- Teknisk – med mellom anna oppdateringar og utsending/kvalitetssikring i høve kommunale avgifter
- Landbruk – med sine ordningar der det er fleire endringar og omleggingar som har blitt gjort både i for søknadsfristar og metodar, i tillegg til gjennomføring og fornying av ulike prøvar og kontrollar
- Pendlarpass – ordninga vart innført på nytt i 2019, der ein konsulent i FT tok heile arbeidet med dette.
- Flyktingtenesta opphøyrd meir eller mindre i løpet av året, sidan alle som var med i introduksjonsordninga **fall vekk**. Dei aller fleste har også flytta ut frå kommunen og har teke til på utdanning andre stader. NAV tok over vidare oppfølging.

- Fleire av dei tilsette har også delteke i arbeidet med utforming av ny heimeside
- Generell saksbehandling knytt til ulike lovverk som til dømes alkohollova har også vore delegert til FT

Oppsummert har 2019 vore eit svært arbeidskrevjande år for avdelinga. Arbeidet med planlegging for den nye kommunen har kome i tillegg til dagleg arbeid og utviklingsoppgåver. Det står respekt av innsatsen som har blitt lagt ned!

#### 4.4. Økonomiske resultat fellestenestene

Fellestenestene	Regnskap 2019	Budsjett 2019	Avvik	Avvik i %
Fellestenester*	7 740 775	8 803 599	-1 062 824	-15,45
Flyktingteneste	-83 940	-51 369	-32 571	-63,40
Beredskap	380 978	583 966	-202 988	-53,29
<b>Sum</b>	<b>-7 731 813</b>	<b>9 336 196</b>	<b>-1 298 383</b>	<b>-13,9</b>

\* Ansvar 1202, 1210, 1250. Økonomisk oversikt inneheld også økonomi og personal då dette ikkje er splitta ut i nye områder i rapportering i økonomi

#### 4.5 Nokre av utfordringane i tida som kjem

- Vidare arbeid med utviklingsoppgåver i samsvar med det som alt er sett på dagsorden  
i Fjord kommune; felles system og rutinar tilpassa ein ny organisasjon
- Sikre avklaring og god flyt i oppgåveløysinga – vidare oppfølging
- Sikre samordning og felles forståing internt
- Kompetanse og kompetanseheving – ein absolutt naudsynt faktor
- Drift av servicetorg på to ulike stadar vil til tider by på utfordringar med omsyn til bemanning og opningstider
- Avlevering til depot; papirarkiv og uttrekk frå fagsystem vil vere kostnadskrevjande





## 5. Skule, barnehage, kultur og barnevern

### 5.1 Mål

#### Mål for ansvarsområdet – kort skildring av tenestene og måloppnåing

---

I tråd med nasjonalt lovverk og lokalt planverk, skal brukarane oppleve at dei får dei tenestene dei har krav på og rett til.



Figur 3 BlimE-dansen på Valldal skule

#### *Valldal skule – BlimE-dansen*

#### **Skule**

Opplæringa i grunnskulen skal, i samarbeid med heimen, opne dører mot verda og framtida og gi elevane historisk og kulturell innsikt og forankring. Den skal byggje på grunnleggande verdiar i kristen og humanistisk arv og tradisjon og utvide kjennskap og forståing av den nasjonale kulturarven og vår felles internasjonale kulturtradisjon. Opplæringa skal gi innsikt i kulturelt mangfald, vise respekt for den einkilde si overtyding, fremje demokrati, likestilling og vitskapleg tenkjemåte. Elevane skal utvikle kunnskap, dugleik og haldningar for å kunne meistre liva sine og delta i arbeid og fellesskap i samfunnet. Dei skal få utfalde skaparglede, engasjement og utforskartrøng samtidig som dei lærer å tenkje kritisk og handle etisk og miljøbevisst. Elevane skal ha medansvar, rett til medverknad og skal møtast med tillit, respekt, krav og utfordringar som fremjar danning og læreløyst.

---

### **Barnehage**

I barnehagane skal det enkelte barn oppleve mestring, leik, læring, kjenne seg inkludert og likeverdig og bli tatt i mot og ivaretatt på ein god måte. Alle skal verte høyrte og få ytre meininga si. Dei tilsette skal oppleve glede over arbeidet, stoltheit over yrket og arbeidsplass, og ha meningsfulle arbeidsdagar, der kompetanse, interesser og evner skal nyttast og utviklast. Foreldre og føresette skal vere viktige samarbeidspartnarar og oppleve muligheiter til medverknad i det daglege arbeidet.

†

;

### **Kultur**

Verksemda kultur ønskjer å vere ein bidragsytar i arbeidet med å skape det gode liv i Norddal – livskvalitet i samspel med natur og kultur.

Vi skal marknadsføre og utvikle Norddal kommune som ein god kommune å vekse opp i, og ein god kommune å busetje seg.

For å lukkast med dette må ein styrkje samhandlinga med frivillige lag og organisasjonar.

Kultursektoren femner om tenester som har mykje å seie for trivsel og livskvalitet; Bibliotek, Frivilligsentral og musikk- og kulturskule.

### **Barnevern**

Norddal kommune er med i interkommunalt barnevern; Storfjorden Barnevern, saman med Skodje, Ørskog og Stordal.

### **PPT**

Norddal kommune er med i interkommunalt PP-teneste; Storfjorden PPT, saman med Skodje, Ørskog og Stordal.

## **5.2 Skildring av tenestene**

### **Sektor oppvekst og kultur**

Etter omorganisering til sektornivå, femnar denne sektoren no om skule, barnehage, sfo, vaksenopplæring, kultur- og musikkskule, frivilligsentral, kulturadministrasjon og bibliotek. I tillegg har sektoren ansvar for samarbeidsavtalane med Storfjorden PPT og Storfjorden Barnevern.

### **Skule**

---

Det er to kombinertskular i kommunen: Eidsdal skule med 54 elevar og Valldal skule med 150 elevar. Begge skulane tilbyr SFO. Vaksenopplæringa er lagt til Valldal skule.

Grunnskulane i Norddal har over fleire år levert grunnskulepoeng heilt i landstoppen, og elevundersøkingane syner god utvikling i høve trivsel, støtte frå lærarane og mobbetal. Læringskultur og elevmedverknad kan endå verte betre. Viser elles til *Tilstandsrapport for grunnskulen i Norddal*.

### **Vaksenopplæringa**

Opplæringa for vaksne utviklingshemma har 4 elevar, og held for det meste til i lokala til Byrg kompetanse.

Det har ikkje vore norskopplæring for innvandrarak dette året.

### **Sfo**

Tal brukarar varierer. I Eidsdal er tal brukarar auka litt siste året. Tal brukarar i Valldal er stabilt.

### **Barnehage**

Det er to barnehagar i kommunen: Dalsbygda barnehage med om lag 17 barn og Syltebøen barnehage med om lag 44 barn. Det er ledig kapasitet i Dalsbygda bhg, medan Syltebøen barnehage ikkje har så mykje å gå på. Alle søkjarar har fått oppfylt retten til barnehageplass.

I Dalsbygda barnehage varierer barnetalet slik at ein balanserer i høve behov for deling av barnegruppa og regulering av bemanningsressurs. Syltebøen bhg har tre avdelingar.

Innføring av nasjonal bemanningsnorm har medført ein auke i personalressurs i Syltebøen barnehage.

### **Kultur**

På grunn av omdisponering av personellressurs i samband med kommunereformarbeid, er denne ressursen vorte redusert i fleire omgangar i 2019, og er no nede på eit smertefullt minimum. Dette vil bli tilpassa når ein kjem over til Fjord kommune.

### **Frivilligsentral**

Det er tilsett 50% stilling som leiar for Frivilligsentralen. Administrasjonen i kommunen nyttar Frivilligsentralen til administrative oppgåver der det frivillige er representert. Frivilligsentralen er plassert på rådhuset.

### **Kulturskule**

Det er omlag 2,5 stillingar og 100 elevar i kultur- og musikkskulen. I tillegg til ordinær musikkundervisning leverer ein tenester til korpsa i kommunen. Det er eit godt samarbeid mellom kulturskulen og grunnskulane i kommunen, spesielt med tanke på planlegging, øving og

---

---

gjennomføring av kabareen. Det er etablert felles kulturskulerektor saman med Stordal kommune.

### **Bibliotek**

Det er 1.45 stilling i biblioteket. Ei del av personalressursen i Eidsdal vert nytta på Eidsdal skule. Biblioteket har har stort utlån. Ein har etablert fleire aktivitetar knytt til biblioteket.

### **Barnevern**

Stabilt i høve tal saker, men kompleksiteten i sakene er stor. Det er inngått avtale med Storfjorden Barnevern, der Skodje kommune er vertskommune for samarbeidet. Økonomisk er det store utgifter til tiltak, men administreringskostnadane er låge.

### **PPT**

Stabilt i høve til tal enkeltsaker, men kompleksiteten i ein del saker er omfattande og krev tiltak både på individ og systemnivå. Det er tilgang på logopedkompetanse i Storfjorden PPT, men det er likevel behov for kjøp av privat logopedteneste. Eigarkommunane bør utvide logopedstillinga til full stilling

Siste året har vi også fått ein del saker i barnehagane. Dette er svært bra, då ein ser verdien av å kome tidleg inn når ein ser behov for ekstra oppfølging av barn med ulike vanskar. Dette sparar oss for utgifter og utfordringar seinare i skuleløpet.

---

## **5.3 Årsverk**

Reduksjon i årsverk på om lag 4,5. I hovudsak på Valldal skule/SFO/VO

<b>Oppvekst og kultur</b>	<b>2014</b>	<b>2015</b>	<b>2016</b>	<b>2017</b>	<b>2018</b>	<b>2019</b>
Valldal skule/SFO/VO	29,0	31,3	30,7	32,*	28,2	28,2
Eidsdal skule/SFO	12,4	12,0	11,9	11,4	11,2	11,4
Dalsbygda bhg	4,3	4,7	4,7	4,4	4,7	4,4

Syltebøen bhg	14,4	13,4	14,0	11,0**	11,0	12,6*
Kulturskulen	3,1	3,0	3,0	2,85	2,6	2,5
Kulturadm.	1,5	0,5	0,3	0,3	0,3	0
Frivilligsentral	0,5	0,5	0,5	0,5	0,5	0,5
Bibliotek	1,4	1,4	1,4	1,4	1,4	1,4
	66,6	66,8	66,5	64,65	59,9	61,0*

\* Auka årsverk grunna større barnegruppe

\*\* La ned avd. i Fjørå

## 5.4 Økonomiske resultat

Skule, barnehage, kultur og barnevern	Regnskap 2019	Budsjett 2019	Avvik	Avvik i %
Fellesområde skule/bhg	1 547 393	2 056 000	-508 607	-24,73
Valdal skule	18 452 459	19 323 455	-870 966	-4,50
Eidsdal skule	8 665 391	8 621 982	43 409	0,50
Dalsbygda barnehage	2 495 140	2 716 922	-221 782	-8,16
Syltebøen barnehage	6 398 698	6 098 342	300 356	4,92
Kulturskulen	1 295 912	1 346 758	-50 846	-3,77
Kultur	219 315	261 178	-41 863	-16,03
Frivilligsentralen	325 651	342 900	-17 249	-5,03
Bibliotek	1 069 351	922 037	147 314	15,97
Barnevern	2 790 417	1 870 000	920 417	49,22
<b>Sum</b>	<b>43 259 729</b>	<b>43 559 574</b>	<b>-299 845</b>	<b>-0,69</b>

## 5.5 Utfordringar i tida som kjem

Det er ei stor utfordring i å balansere inntekter og utgifter i drifta av sektoren. I samband med at inntektene har gått kraftig ned dei siste åra, har rammene til den enkelte eining vorte stadig knappare. At det no er knappe ressursar i einingane, avgrensar moglegheita til å sette inn ressursar til tidleg innsats, spesielt i skulane. Ein har gode erfaringar med å sette inn tilstrekkeleg med ressursar i dei minste årsstega, for å spare seg for ekstra utfordringar og utgifter til ekstraordinære tiltak seinare i utdanningsløpet.

Det vil vere utfordrande å rekruttere nye medarbeidarar med formell kompetanse i tida som kjem. Samstundes som krava til undervisningskompetanse i skulane er innskjerpa, vil vi ha fleire tilsette i skulen med brei undervisningskompetanse som vil gå av med pensjon i løpet av dei komande åra.

Tilpassing av drifta og reduksjon i bemanningsressursen i samband med redusert barnetal vil også verte ei utfordring.

Bemanningsnorma som no er innført kan ved enkelthøve krevje ekstra bemanning både i skule og barnehage

## 6. Helse og omsorg

### 6.1 Mål

Helseavdelinga har ansvaret for kommunale/off. legeoppgåver, fastlegeteneste, helsestasjon for barn og unge, fysioterapi, ergoterapi, psykiatrisk sjukepleie og folkehelseteneste . Leiar av eininga er kommuneoverlegen.

Sjukeheimen har ansvaret for, langtidsopphald, korttidsopphald, avlastning på sjukeheim, skjerma eining for-demente, dagopphald, nattopphald og terminalpleie. Eininga har eigen einingsleiar.

Heimetenesta har ansvaret for heimesjukepleie inkludert praktisk hjelp i heimen, miljøterapeutiske tenester til personar med nedsett funksjonsevne med tilrettelagde heildøgns tenester, dagtilbod for demente, tilbod om m.a brukerstyrt personleg assistanse, støttekontakt, omsorgstønad og middagsombringning. Eininga har eigen einingsleiar.

NAV er ei samorganisering av kommunale og statlege tenester og gir eit avgrensa tilbod innanfor sosiale tenester.

### 6.2 Årsomtale

Arbeid med å lukketilsyn frå Fylkemannen til personar med utviklingshemming vart arbeidd med i 2019. Det gjennstår å skrive eit endeleg svarbrev til Fylkesmannen i 2020.

Veldferdsteknologi ABC,- innføring og opplæring til alle tilsette, vart fullført i 2019.

Norrdal kommune er med i Nasjonalt velferdsteknologi program, vi er representert i MISU, Midtre Sunnmøre, ei prosjektgruppe i lag Norrdal Kommune ilag med kommunene ;Giske, Sula, Stordal,Sykkylven og Stranda

Helsefagarbeidar utdanning var avslutta i 2019 . To av ti har teke fagbrevet i 2019 fleire skal melde seg opp til fagprøva i 2020.

Ein sjukepleiar tek vidareutdanning i «trygg legemiddelhandtering» på masternivå

To sjukepleiarar deltek på «det gode pasientforløp for den multisjuka pasienten» og dei deltek og på ProAkt. Dette er fellesvertøy for helsepersonell for systematisk tidleg å fange opp forverring i helsetilstanden.

Arbeidet med god journalføring er ein kontinuerleg prosess og har hatt stort fokus i 2019 av tilsette på elektronisk pasientjournal

Lions og Sparebanken møre kjøpte inn ein drosje sykkel til nytte for alle bebuarar i PLO.

Danna gruppe for kvalitetsikring slik ein sikrar kontinuitet for kvalitetssikringsarbeidet og utarbeide / forbedra mange av prosedyrene.

Kommunen har framleis avtale for personar med funksjonsnedsetting i samarbeid med Byrg kompetanse AS i Arbeid og aktivitetsenter.

Det har vore mykje arbeid opp mot samanslåing til Fjord Kommune.

Innkjøp av digitale tryggleiksalarmar som skal rullast ut 2020.

### Hovudmålet for sektoren er

Kommunen skal sørge for at alle som oppheld seg i kommunen får tilbod om nødvendige helse- og omsorgstenester.

Pleie og omsorgstenesta i Norddal Kommune skal tilby pleie og omsorgstenester av høg kvalitet. Tenesta skal vere tilpassa den enkelte, vere kostnadseffektive og bidra til tryggleik og livskvalitet for innbygarane i kommunen.

## 6.3 Årsverk

Reduksjon i årsverk med om lag 2,5 årsverk

Helse og omsorg	2014	2015	2016	2017	2018	2019
Helse og omsorg						
Fellesområde helse/PLO		1,0	2,0	1,5	1,5	1,20
Helse	9,0	8,6	8,6	7,6	7,6	7,7
God helse		0,5	0,5	0,5	0,5	0,6
Kraftsenteret		0,5	0,5	0,0	0,0	0,0
Sosial-NAV	1,0	1,0	0,5	0,0	0,0	0,0
Pleie og omsorg – heimet.	37,5	37,9	33,2	36,4	34,7	30,82
Pleie og omsorg – instit.	40,5	38,7	34,5	35,8	34,7	33,32
Sum Helse og omsorg	88,0	88,2	79,8	81,6	78,97	73,64

## 6.4 Økonomiske resultat

Helse og omsorg	Regnskap 2019	Budsjett 2019	Avvik	Avvik i %
Fellesområde helse/PLO	1 625 523	927 173	698 080	75,29
Helse	9 567 886	8 704 640	863 246	9,92
Sosial-NAV	1 631 537	1 169 000	462 537	39,56
Pleie og omsorg - heimetenester	25 590 668	23 770 124	1 820 544	7,65
Pleie og omsorg - institusjon	23 727 412	23 904 734	-177 322	-0,74
<b>Sum</b>	<b>62 142 756</b>	<b>58 475 671</b>	<b>3 667 085</b>	<b>6,27</b>

## 6.5 Utfordringar i tida som kjem

- Ein må gå vidare med dei dei forbetningsområda som har vorte valde ut som særskilde prioriterte område. Dette er mellom anna veldferdsteknologi og internkontroll/kvalitetsikring. Dette krev ei strukturert leiing som ser det nødvendige med også å arbeide med langsiktige oppgåver.
- Auka krav til produktivitet vil krevje evne til nytenking og omstilling i sektoren.
- Ei vesentleg vanske er å rekruttere til ledige stillingar. Alle tilgjengelege reiskapar i dette arbeidet må takast i bruk; frå eigen løns- og personalpolitikk til eksternt rekrutteringsarbeid og interkommunale samarbeidstiltak. Rekrutteringsplan må lagast. Talet på sjukepleiarar og vernepleiarar må aukast. Ein har ikkje kreftsjukepleiar i kommunen og ser at dette er ein ressurs som kommunen vil trenge.
- Arbeid med å redusere sjukefråværet må ha sterkt fokus også i åra som kjem.
- For helseavdelinga gjeld det særskilt å halde tritt med dei krava til innhald og kvalitet som er varsla, og er planlagt som lovkrav for den kommunale helsetenesta.
- For både institusjon og heimetenesta gjeld at ein må sikre seg å vere ein del av den velferdsteknologiske utviklinga.
- Kompetanseplan for heile eininga må på plass.
- Omstilling og kompetanseutvikling er nøkkelord for pleie og omsorg-med stadig og meir krevjande sjukepleie både i heimen og på institusjon. Ein bør og jobbe for ein auka heiltidkultur i pleie og omsorg.
- Innføring av «leve heile livet» reforma
- Forsette med å samordne gode tenester og skape felles kultur i Fjord kommune
- Løysinga for bustad for personar med nedsette funksjonsevne må takast tak i.



## 7. Teknisk, næring og miljø (TMN)

### 7.1 Mål for eit samla TNM

- Eit mål skal alltid vere å klare utfordringane knytt til vedteke budsjett. Det har vore skore ned på driftsmidlane, og oppgåveløysinga vert sett under stort press.
- Målsetting for eininga vert å halde tidsfristar og vere ajour i sakshandsaminga. Ein vil arbeide framoverretta og fortsette med administrativ likebehandling i saker.
- Verdibevaring av eigedomar ved rett drift og vedlikehald. Tilfredstillande drift på eit minimalt areal.

### Mål for næringsarbeid, viltforvatning, miljø- og naturforvaltning

Næringsarbeidet omfattar tradisjonelt landbruk og anna næringsarbeid. Ulike tilskotsordningar innanfor desse områda tilfører kommunen ca 30 mill kr kvart år. Dette er eit viktig bidrag med omsyn til busetnad og næringsaktivitet.

Strategisk Næringsplan som vart vedteke av kommunestyret 23.06.2016, har denne målformuleringa:

«Norrdal kommune skal stimulere til eit lønsamt, nyskapande og berekraftig næringsliv som primært tek utgangspunkt i næringar som har naturlege konkurransefortrinn i området.»

Vidare er det utforma 3 delmål:

1. Fleire og meir overlevingsdyktige bedrifter
2. Fleire arbeidsplassar
3. Auke folketalet med minst 50 innbyggjarar

Det tradisjonelle landbruket er for det meste styrt av sentrale målsettingar, og kommunen må følgje desse. Kommunen kan etablere sine egne prioriteringar så lenge dei er innanfor sentrale vedtekter, forskrifter og retningslinjer. Dette har ein mellom anna gjort innanfor SMIL- ordninga, skogforvatning og viltforvaltning. Kommunepleanen har lagt klare føringar på kommunen sine satsingsområde.

### 7.2 Årsomtale 2019

Kort samandrag av dei viktigaste sakene:

- Stort sauetap som skyldast jerv i store delar av kommunen på begge sider av fjorden. Fylkesmannen har utbetalt nesten kr 500.000,- i erstatning for sauetap.
- Tidleg sanking og ekstraordinært tilsyn i nokre område. Sauenæringa er uroa for framtida.

- Talet på gardsbruk med mjølkeproduksjon og svin gjekk ned noko som skyldast overproduksjon av kjøtt og mjølk.
- Stor interesse for vidareforedling av råvarer spesielt innan fruktsektoren.
- Arbeidet med kartlegging og utrekning av nytt viltareal vart sett i gang.
- Arbeidet med etablering av Fjord kommune tok mykje av arbeidstida.
- Nye digitale løysingar har gjort arbeidet med ulike ordningar lettare og meir oversiktleg.
- Meir arbeid vart lagt til kommunane. Dette gjeld overføring av større ansvar for nærings- og miljøtiltak i skogbruket og tilskot til tiltak i beiteområde.

### **Utfordringar i tida som kjem**

Den største utfordringa vil vere å finne gode løysingar for næringsarbeid der landbruket er ein viktig del og forvaltning av ulike miljøoppgåver. Ei slikt arbeid er krevjande, men det opner for nytenking og kreativitet. Det vil framleis vere behov for interkommunale løysingar for å sikre gode fagmiljø med omsyn til arbeidsoppgåver og kompetanse.

Andre viktige utfordringar:

- Ei rovviltforvaltning som gjer det mogleg å satse vidare på sauhold i kommunen. Rovviltutvalet saman med kommunen må vere ein aktiv pådrivar for ei balansert forvaltning av rovdyr og sauenæringa.
- Alle hjorteviltvald må organiserast i bestandsplanområde. Dette vil lette arbeidet for kommunal viltforvaltning, men er også positivt for ei god forvaltning av alt hjortevilt.
- Auka satsing på jordvern både i plansaker og einskildsaker gjennom ei samordna handsaming av saker innan plan- og bygningslov og jordlov.
- Bidra til at ungdomen etablerer seg i lokalmiljøet og får høve til å utvikle nye og framtidsretta idear gjennom aktiv bruk av kommunen sine ulike virkemiddel.
- Legge til rette for vidare satsing innan frukt, bær og grøntsektoren, lokalmat, tradisjonelle landbruksnæringar og turisme.
- Bidra til at forvaltninga av Reinheimen, Verdsarvområdet og andre verneområde og naturreservat blir ivareteke. Dette arbeidet kan gi rom for utvikling av miljøbasert reiseliv og framtidsretta og ny næringsutvikling.
- Handtere digitale løyvingar slik at dette ikkje kjem i konflikt med viktig og god menneskeleg kontakt for å løyse lokale utfordringar.
- Fjord kommune må vere ein aktiv part når det gjeld informasjon på eigen heimeside, men også bruk av andre mediakanalar når dette er aktuelt og nødvendig.
- Kommunen har ein spesiell oppgåve for å hindre framandgjerding og gi kunnskap om næringsarbeid og da spesielt landbruk. Kunnskapen om matproduksjon og sjølvforsyning må betrast i samarbeid med aktuelle organisasjonar.

### **Mål for TSSN**

TSSN – teknisk samarbeid mellom Stordal og Norddal kommune vart etablert frå 01.01.11, og har seinare vorte formalisert gjennom permanente avtalar mellom kommunane.

Avdelinga har ansvar for områda plan (reguleringsplan og kommuneplan), bygg (byggesakshandsaming) og oppmåling (matrikkelsaker, målegrunnlag, kartverk). Arbeid med grunnnerverv er lagt til avdelinga. Brannvern, feiing og oljevern er og lagt til avdelinga. I tillegg har avdelinga hatt fleire oppgåver på investeringsida med planlegging og gjennomføring av anlegg.

Har vidare ansvaret for forvaltning, drift og vedlikehald av kommunaltekniske oppgåver som veg, vatn, avløp, renovasjon, park og anlegg samt eigen maskinpark.

## Årsverk

Årsverka viser ikkje reelt disponibelt mannskap i avdelinga. Samarbeidet med Stordal kommune gjer at ingeniørar i TSSN vert fakturert mellom kommunane etter fordelingsnøkkel basert på folketal. Dette gjer at tabellen for Teknisk drift og PBO vert slik:

TNM	2015	2016	2017	2018	2019
Fellesområde	1	1	1	0	0
Teknisk drift	4	4	4	4	5
Plan Bygg Oppmåling	2	2	2	2	2
Brannmannskap	0,7	0,7	0,7	0,7	0,32
Næring	2	1,6	1,6	1,5	1
Eigedomsforvaltning	10,4	8	10,4	9,4	9,33
Sum årsverk	19,5	17,3	19,7	17,6	17,65

Stillingar i TSSN	Norddal	Stordal	Årsverk
Planleggjar	60 %	40 %	1
Byggesak / brannleiar	Norddal 60 %	40%	1
Ingeniør FDV	60 %	40 %	1
Oppmåling/ matrikkelføring	60 %	40 %	1
Ingeniør ledningskart	60 %	40 %	1
Byggesak/ bygningsdrift	Stordal 30 %	20 %	0,5
Konst. teknisk sjef	60 %	40 %	1

Tilsettingsforhold Stordal 3,5 årsverk, Norddal 3 årsverk.

## Økonomiske resultat

Teknisk, næring og miljø	Rekneskap 2019	Budsjett 2019	Avvik	Avvik i %
Fellesområde TNM	4581	0	4581	0
Teknisk drift	6 370 149	5 239 626	1 130 523	33,14
Teknisk drift - sjølvkost	-268 892	380 000	-648 892	-170,00
Plan bygg oppmåling	1 681 719	1 633 643	48 076	2,90
Brann og oljevern	2 830 909	2 915 877	-84 968	-4,95
Næring	285 931	492 250	-206 319	- 107,00
Eigedomsforvaltning	9 796 146	10 258 798	-462 652	-4,72
<b>Sum</b>	<b>21 306 543</b>	<b>20 920 194</b>	<b>-219 651</b>	<b>-1,05</b>

### Årsomtale TSSN

Avdelinga har elles hatt ytterlegare ei administrativ stilling vakant fram til 01.11.18. Det har også vore vedteken ei ekstra stilling finansiert av Fjord i samband med stort antal investeringsprosjekt. Det har ikkje lukkast å rekrutere nokon inn i denne stillinga før mars 2019. Dette har påverka avdelinga sin kapasitet både i dagleg drift og for prosjektgjennomføring.

I 2019 vil ein elles nemne dette:

- Arbeid med tettestadprosjektet
- Større gjennomgang av sjølvkostområda
- Deltaking energi-og klimanettverk
- Plansaker, Vikaberga, Gudbrandsjuvet, Slettvikane og Tafjordbadet
- Utsifting av veglys
- Oppryding av gamle saker knytt til grunnkjøp
- Parkeringsplass Rønneberg og Ytterli
- Arbeid med digitalt ledningkartverk/registrering av kummar
- Gjennomføring av brannøvingar begge brannverna Valldal + Eidsdal
- Overflateredningsutstyr – øving i elv
- Utviding verneklede brannmannskap
- Kurs/opplæring for brannmannskap Valldal og Eidsdal «akutthjelper»
- Avtaleforslag til/møter i høve Ålesund som vertskommune for brann- og feietenestene – kommunestyresak i desember.
- Drift av mobil miljøstasjon for Årim

### Årsomtale eigedomsdrift

- I 2019 vart eigedomsdrifta leia av teamleiar for eigedomsdrift
- Det har vore stabilitet i organiseringa og det stort sett vore ordinære driftsoppgåver som har dominert aktiviteten.
- Driftsmessig har dette vore eit konsoliderings år der det har vore sett stor fokus på kontroll av teknisk / El- anlegg og gjennomføring av tiltak etter kontrollane.
- Det har vore gjort utgreing av tiltak for oppgradering av Olavsgata 8 «Kraftverkbygget»
- Tiltaket var utlyst for anbod og det kom inn 2 anbod. Kostnaden synta seg å verte så høg at konkurransen vart avlyst og alle tiltak sett på vent.
- Ved omsorgsbustadane i Eidsdal er det gjort diverse vedlikehaldsarbeid i nokre bustadar.
- Ved Eidsdal skule er det gjort noko vedlikehaldsarbeid og det er sett igang utgreiing av trong for fornying og utbetringar
- Tafjord Friluftsbad hadde ein normal sesong med om lag normalt besøk.
- Reinhold og forefallande vedlikehald av kommunale formålsbygg er utført som planlagt gjennom året.



Plan for fasade nord på Olavsgata 8 etter eventuell ombygging

- Gjennom året har det vore arbeidd med førebuingar for samanslåing med Stordal kommune

### **Utfordringar i dei næraste åra for eit samla TNM**

- Høg gjennomsnittsalder i avdelinga, og rekruttering er ei stor utfordring.
- Investeringsbudsjett med store ambisjonar. Kapasitet og kompetanse til gjennomføring.
- Halde seg oppdatert på gjeldande regelverk
- Digitalisering av eigedomsmasse
- Digitalisering av ledningar og kummar
- Samkøyring av driftsfunksjonar ved bygging av ny kommune
- Veg og overflatevatn har store utfordringar etter at vi får meir ekstremver
- Brann ser ei utfordring i å rekruttere deltidsmannskap, færre innbyggjarar å velje i.
- Med stadig nytt og meir omfattande regelverk å forhalde seg til, kan det sjå ut som at ein i framtida vert nøydd å gjere hardare prioriteringar i høve lovpålagde/ikkje lovpålagde oppgåver.
- Aukande fokus og forventingar/krav frå overordna myndigeheiter i høve miljø og plansaker tilseier at det må satsast meir på dette.

## **8. Kommunestyret - saker i 2019**

# Årsmelding 2019

Møtedato	JpId	Sakstittel	Saks-nummer	Utv. kode
07.02.2019	19/108	Godkjenning av møtebok	001/19	KS
07.02.2019	19/670	Referatsaker	002/19	KS
07.02.2019	19/714	Uttale til ny selskapsavtale ÅRIM	003/19	KS
07.02.2019	19/273	Mobilnett Trollstigen - invitasjon til spleiselag	004/19	KS
07.02.2019	18/8917	Helskapleg ROS-analyse	005/19	KS
07.02.2019	19/197	Søknad om kommunalt tilskot - lagerbygg og langrennsløype - Eidsdal IL	006/19	KS
07.02.2019	19/705	Kompetanseheving for klimavennleg innkjøp - Klimasatsmidlar 2019 - samarb. med Sunnmøre SRR	007/19	KS
07.02.2019	19/680	Høyring av melding om uttak av vatn frå Tafjord 4 for eksport	008/19	KS
07.02.2019	19/709	Høyring - Innføring av Autopass takstregulativ på ferjesamband	009/19	KS
14.03.2019	19/1423	Godkjenning av møtebok	010/19	KS
14.03.2019	19/1723	Referatsaker	011/19	KS
14.03.2019	19/1045	Klagehandsaming Frådeling av hyttetomt, gnr 1/1 - Sigurd Linge	012/19	KS
14.03.2019	19/988	Etablering av nytt revisjonsselskap - Samanslåing av Kommrev nr. 3 og Møre og Romsdal revisjon IKS	013/19	KS
14.03.2019	19/1628	Korrigerering av betalingsattsar 2019	014/19	KS
14.03.2019	19/1068	Bruk av Martin Linge-huset	015/19	KS
14.03.2019	19/1088	Årsmelding for 2028 - Norddal eldreråd	016/19	KS
11.04.2019	19/2054	Godkjenning av møtebok	017/19	KS
11.04.2019	19/2570	Referatsaker	018/19	KS
11.04.2019	19/2040	Forvaltningsrevisjon - Gjennomgang av byggeskasbehandling og kontroll i Norddal kommune	019/19	KS
11.04.2019	19/1678	Godkjenning av årsmelding for frivilligsentralen 2019	020/19	KS
09.05.2019	19/2905	Godkjenning av møtebok	021/19	KS
09.05.2019	19/3127	Referatsaker	022/19	KS
09.05.2019	19/2323	Skulerute for grunnskulen i Norddal skuleåret 2019-2020	023/19	KS
09.05.2019	19/3039	Val av representant og vara til styret i Storfjord helsesenter AS	024/19	KS
20.06.2019	19/3872	Godkjenning av møtebok	025/19	KS
20.06.2019	19/4432	Referatsaker	026/19	KS
20.06.2019	19/3946	Overføring av investeringsmidlar frå 2018-2019	027/19	KS
20.06.2019	19/3941	Finansrapport 3. tertial 2018	028/19	KS
20.06.2019	19/3847	Godkjenning av årsrekneskap og årsmelding 2018 - Norddal kommune	029/19	KS
20.06.2019	19/4004	Sunnmøre kontrollutvalssekretariat IKS - endring av selskapsavtale	030/19	KS
20.06.2019	19/3849	Solfjord - skjenkeløyve for alkoholhaldig drikk i gruppe 3	031/19	KS
20.06.2019	19/2125	Olavsgata 8 - Igongsetting av ombyggingsarbeid	032/19	KS
20.06.2019	19/3501	Nye omsorgsbustadar i Valldal	033/19	KS
20.06.2019	19/4426	Møteplan 2. halvår 2019	034/19	KS
20.06.2019	19/4338	Finansrapport 1. tertial 2019/2019	035/19	KS
20.06.2019	19/4309	Interkommunal barnevernsvakt - Ålesund kommune	036/19	KS
20.06.2019	19/4337	Oppsetting av bomstasjon på Herdalsvegen	037/19	KS
20.06.2019	19/4539	Rekneskap 1. tertial 2019	038/19	KS
19.08.2019	19/5623	Godkjenning av møtebok	039/19	KS
19.08.2019	19/5601	Renovering av Olavsgata 8 - 2. gongs behandling	040/19	KS
26.09.2019	19/6207	Godkjenning av møtebok	041/19	KS
26.09.2019	19/5982	Fullmakt til å regulere innbetaling av avdrag på langsiktig gjeld	042/19	KS
26.09.2019	19/6134	Reguleringsplan for Øye masselager fv. 63, Eidsdal 2. gongs handsaming	043/19	KS
26.09.2019	19/6472	Konsekvensanalyse vedk. eventuell flytting av administrasjonsstad i Fjord kommune til Stordal	044/19	KS
21.11.2019	19/7327	Godkjenning av møtebok	045/19	KS
21.11.2019	19/7450	Referatsaker	046/19	KS
21.11.2019	19/7297	Valldal Fjernvarme AS - kapitalutviding	047/19	KS
21.11.2019	19/7298	Finansrapport 2. tertial 2019	048/19	KS
21.11.2019	19/7325	Rekneskapsrapport pr. 31.08.2019	049/19	KS
21.11.2019	19/7300	Søkn. frå Tafjord Kraft AS om tilbakeføring av bruksretten frå NK gnr/bnr 41/1 Øvre Rødal	050/19	KS
